



**Til: Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune**

# **Prosjektplan**

**«Overordna analyse og Selskapskontroll»**

**Februar 2016**

# Innhald

<b>1</b>	<b>Føremål og problemstillingar.....</b>	<b>s. 2</b>
1.1	Bakgrunn.....	s. 2
1.2	Føremål.....	s. 2
1.3	Kva er ein «overordna analyse».....	s. 2
<b>2</b>	<b>Risiko- og vesentleghets vurderingar.....</b>	<b>s. 2</b>
2.1	Kriterium.....	s. 2
2.2	Metode.....	s. 3
2.2.1	Dokumentinnsamling.....	s. 3
2.2.2	Intervju/spørjeundersøking.....	s. 3
2.2.3	Prosess.....	s. 3
2.2.4	Analyse.....	s. 3
<b>3</b>	<b>Tid og ressursbruk.....</b>	<b>s. 3</b>
3.1	Personell.....	s. 3
3.2	Ressursar.....	s. 3

# 1. Føremål og problemstillingar

## 1.1 Bakgrunn

SF revisjon har med utgangspunkt i bestilling frå kontrollutvalet i SAK 51/15 utarbeida prosjektplan for gjennomføring av overordna analyse av den fylkeskommunale eigarskapen i selskap.

Oppdraget vil bli utført i samsvar med bestillinga.

## 1.2 Føremål

I følgje Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet utarbeide ein Plan for selskapskontroll. Planen skal vere basert på ein overordna analyse.

## 1.3 Kva er ein «overordna analyse»?

Frå 01.01.2013 vart kontrollutvalsforskrifta endra, og det vart innført krav om at plan for selskapskontroll skal vere basert på ein overordna analyse av eigarskap ut frå risiko- og vesentleghets - vurderingar . Det er elles lite spesifikke krav til gjennomføring av analysen i lov og forskrift, og det er opp til kontrollutvalet og ta stilling til ressursinnsatsen i oppdraget.

Vi vil søke svar på følgjande spørsmål i analysen:

- Kva eigar Sogn og Fjordane fylkeskommune?
- Korleis forvaltar Sogn og Fjordane fylkeskommune eigarskapen?
- Kor vesentlege er det einskilde selskap?
- Kva for risiko er knytt til det einskilde selskap?
- Kva for selskap er aktuelle for selskapskontroll?

Vi vil i analysen samle inn og strukturere informasjon som allereie er kjend, og vil i liten grad søke å skaffe fram ny informasjon. I tillegg vil vi gjennom intervju og/eller spørjeundersøkingar arbeide for å få inn uformell informasjon og tips frå leiande personar i fylkeskommunen om selskapa.

# 2. Risiko- og vesentleghets vurderingar

## 2.1 Kriterium

Vi vil leggje følgjande kriteria til grunn for analysen:

- Risiko for at selskapet ikkje driv i samsvar med fylkestingets vedtak og føresetnadar.
- Risiko for at selskapet ikkje driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.
- Risiko for at den som forvaltar fylkeskommunen sine eigarinteresser i selskapet ikkje gjer det i samsvar med fylkeskommunen sine vedtak og føresetnadar
- Selskap der det er avdekka mulige risikoforhold

- Selskap med berre offentleg eigarskap
- Selskap som har eit samfunnsansvar
- Selskap som leverer tenester som høyrer til det offentleg tenestetilbodet
- Selskap som er heileigd av Sogn og Fjordane fylkeskommune

## **2.2 Metode**

### **2.2.1 Dokumentinnsamling**

Vi vil innhente dokumentasjon om selskap som Sogn og Fjordane fylkeskommune har eit eigarskap til. Dei mest sentrale dokumenta vil vere fylkeskommunens årlege eigarmelding og årsrekneskap og årsmeldingar om selskapa. Informasjon i offentlege organ som Brønnøysund registeret og internett adresser som t.d. Purehelp kan også vere av interesse.

### **2.2.2 Intervju/spørjeundersøking**

Vi vil gjennomføre intervju/spørjeundersøking av sentrale politikarar og leiande personar i fylkeskommunen.

### **2.2.3 Prosess**

Som ein del av prosessen er det viktig å involvere kontrollutvalet. Innsamla informasjon om det einskilde selskap vil bli drøfta med kontrollutvalet i møte før endelege rapport vert utarbeida.

### **2.2.4 Analyse**

Innsamla informasjon vil bli gjennomgått og vurdert for utarbeiding av rapport.

## **3. Tid og ressursbruk**

### **3.1 Personell**

Prosjektleder for gjennomføring av prosjektet er Marianne Vara.

### **3.2 Ressursar**

Vi har kalkulert inn ein tidsbruk på totalt 75 -100 timar for gjennomføring av prosjektet.

Kostnadane i prosjektet inngår i a-kontobeløpet for finansiell revisjon og selskapskontroll med vising til vedtaket i KU sak 4/14. (fortsatt den same som gjeld?)

**Leikanger, 12. februar 2016**

---

**Marianne Vara, ansvarleg revisor**